

KONTRAKT
mellom
Møre og Romsdal fylkeskommune (heretter kalla MRFK),
og
XXXXXXXXXXXX
(heretter kalla Akvakulturverksemda)

om

leige og operativ drift av MRFK's undervisningsløyve for oppdrett av laks og aure knytt til akvakulturutdanninga ved Kristiansund vidaregåande skole (heretter kalla Skolen).

1. Bakgrunn

Akvakultur er ei viktig næring i Møre og Romsdal. Akvakulturverksemdene har behov for å kunne rekruttere kompetente medarbeidarar. MRFK finn det nødvendig å kunne tilby undervisning innan akvakultur ved Kristiansund vidaregåande skole. I samband med dette vil MRFK søkje Fiskeridirektoratet om undervisningsløyve for oppdrett av matfisk i form av laks og aure. MRFK vil òg inngå kontrakt med ei akvakulturverksemd om leige og drift under løyvet (Akvakulturverksemda). Samstundes skal Akvakulturverksemda yte undervisningstenester til bruk i akvakulturutdanninga.

Så framt MRFK får undervisningsløyve, vil vilkåra nedanfor gjelde for leigeforholdet mellom MRFK og Akvakulturverksemda, samt for undervisningstenestene Akvakulturverksemda skal yte.

2. Mål og prinsipp for samarbeidet

Samarbeidet mellom MRFK og Akvakulturverksemda skal sikre elevane gode og tenlege praksisplassar i akvakulturnæringa, noko som vil styrke akvakulturoplæringa i den vidaregåande skolen i Møre og Romsdal. Samarbeidet skal òg bidra til å styrke banda og å oppretthalde det gode samarbeidet mellom Skolen og akvakulturnæringa. Dette ventar ein vil bidra til betre samsvar mellom næringa sine behov og måten opplæringa til ei kvar tid blir gjennomført på.

Drifta av undervisningsløyvet skal skje på ein måte som gir god opplæring. Dette vil òg bidra til å auka attraktiviteten og søkjartala til utdanninga og lette rekrutteringa til akvakulturnæringa.

Samarbeidet skal legge til rette for at skolen blir eit nav for utdanning, vidare- og etterutdanning, studiar, kurs og andre kompetansehevande aktivitetar for akvakulturnæringa og tilknytte verksemdar.

Akvakulturverksemda skal så langt råd er skaffe praksisplassar for både VG1 Naturbruk og praksisplassar for VG2 Akvakultur, ut frå talet på elevar på linja for skuleåret, og så langt mogleg ta inn lærlingar frå VG2 Akvakultur ved skulen.

3. Bilag til avtalen

Alle rubrikkar skal vere kryssa av (Ja eller Nei)	Ja	Nei
«Bilag 1: Endringer i den generelle avtaleteksten»		
«Bilag 2: Oppdragsgivers krav til leveransen»		
«Bilag 3: Protokoll fra kontraktsmøtet»		
«Bilag 4: Leverandørens tilbud»		
«Bilag 5. Administrative bestemmelser»		
«Bilag 6: Vederlag og vederlagsbestemmelser»		
«Bilag 7: Etske krav»		
«Bilag 8: Endringer i ytelse etter avtaleinngåelse»		

Tolking – rangordning

Endringar til den generelle avtaleteksten skal samlast i bilag 1 med mindre den generelle avtaleteksten viser slike endringar til eit anna bilag.

Ved motstrid skal følgjande tolkningsprinsipp legges til grunn:

1. Bilag 2 går foran dei øvrige bilaga.
2. Dersom det er motstrid mellom dokumenta, skal dei gjelde i den rekkefølge dei er angitt under pkt. 3.

4. Kontraktperioden

Denne kontrakten gjeld i 10 – ti – år frå det tidspunkt MRFK får undervisingsløyve frå Fiskeridirektoratet («Kontraktperioden»).

Kontrakten kan ikkje seiast opp i kontraktperioden. Unntak gjeld likevel dersom MRFK sitt behov for undervisningstenester frå Akvakulturverksemda fell bort. I tilfelle slikt bortfall av behovet, kan MRFK sei opp kontrakten med 6 månaders varsel. Varsel skal gjevast skriftleg, og oppseiingsperioden på 6 månader begynner første dag i månaden etter at varsel vart sendt frå MRFK.

5. Akvakulturverksemda si plikt til å yte undervisningstenester

Akvakulturverksemda skal i heile kontraktperioden yte undervisningstenester som oppfyller alle krav som går fram av “Oppdragsbeskrivelse” og “Kravspesifikasjon”, jf. vedlegg 2 og 3 i konkurransegrunnlaget. Dette inneber mellom anna at den teoretiske og praktiske opplæringa skal planleggast og gjennomførast i tråd med gjeldande lov, forskrift og læreplanar, slik desse til ei kvar tid er.

Akvakulturverksemda vil òg vere forplikta til å etterleva dei pålegg og retningsliner ein får frå MRFK og Skolen, som har ansvaret for at opplæringa er i samsvar med regelverk og planar. Dette gjeld òg dersom det skulle bli endringar undervegs i perioden.

Undervisningstenestene inneber at elevane skal få arbeide/delta på ein læringsarena planlagt og drifta på normale rammevilkår for næringa. Mellom anna skal drifta leggest opp etter sunne økonomiske prinsipp, med basis i Akvakulturverksemda sine forretningsprinsipp.

Akvakulturverksemda skal samstundes ta omsyn til at Skolen skal gje sikker og effektiv undervisning ved lokalitetane.

Akvakulturverksemda er forplikta til å stille med dei lokalitetar som er oppgjevne i løyvet. Endringar kan ikkje gjerast utan forutgåande samtykke frå MRFK.

6. Leige av undervisningsløyve

6.1 Innleiande føresegner – leigeobjekt og leigetid

MRFK leiger ut sitt undervisningsløyve for oppdrett av laks og aure til Akvakulturverksemda, i Kontraktsperioden. Når Kontraktsperioden er ute skal leigeforholdet avsluttast, utan oppseiing eller anna varsel.

Undervisningsløyvet er venta å gje grunnlag for etablering/produksjon av inntil 780 tonn MTB. Så lenge leigeforholdet varer, disponerer Akvakulturverksemda 100 % av tillate MTB for undervisningsløyvet.

6.2 Akvakulturverksemda sitt ansvar for drift og etterleving av vilkår i løyvet

Akvakulturverksemda står for den daglege drifta under undervisningsløyvet, og skal syte for alt som er nødvendig for å setje i verk og oppretthalde drift under løyvet. Akvakulturverksemda har heile det økonomiske og juridiske ansvar for verksemda knytt til undervisningsløyvet, i heile leigeperioden.

Både ved oppbygging av anlegga, drift og avvikling av drift, skal Akvakulturverksemda syte for at alle vilkår knytt til løyvet, enten det er fastsett i lov, forskrift eller av Fiskeridirektoratet, til ei kvar tid er oppfylt. Dette gjeld og ansvar/pålegg som vert retta mot MRFK som innehavar av løyvet, anten det er vedtak av offentlege styresmakter eller følgjer av lov eller forskrift. Alle pålegg/krav om rapportering frå styresmakter knytt til verksemda ved anlegget er Akvakulturverksemda sitt ansvar. MRFK skal likevel haldast informert om eitkvart tilhøve som inneber, eller kan innebere, brot på vilkår knytt til løyvet.

MRFK har ikkje noko ansvar for skade eller tap ved drift og anna verksemd ved anlegget, eller ansvar som følgjer av rolla som løyvehavar, med mindre MRFK har synt grov aktløyse.

6.3 Leigesum/vederlag

Årleg leigesum, slik den er definert i vedlegg 3, pkt 1.2, er kroner **x.xxx.xxx,xx**. Oppdragsgivar fakturerer årleg leigesum kvartalsvis, i fire like store delar, som forfell forskottsvis 15. januar, 15. april, 15. juli og 15. Oktober.

Leigesummen vert regulert årleg per 1. januar, første gong 1. januar 2023, i samsvar med endringa i SSB's konsumprisindeks, likevel slik at den ikkje gjennom slik regulering kan bli lågare enn opphavleg tilbydd leigevederlag. Startindeksen er indeks per 1. januar 2022.

7. Organisering av samarbeidet

To gongar per år, høvesvis i desember og juni, skal Akvakulturverksemda, MRFK og Skolen møtast for å evaluera samarbeidet og drøfte saker av interesse for partane.

Partane skal ha ein representant kvar som har eit særleg ansvar for oppfølginga av kontrakten og for at samarbeidet får ei positiv utvikling. MRFK er ansvarleg for å kalle inn til møta og at det blir satt opp dagsorden for møta i samsvar med partane sine behov for avklaringar, m.v.

8. Løns- og arbeidsvilkår

For denne kontrakten gjeld forskrift av 8. februar 2008 nr. 112 om løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar.

Leverandøren skal på områder som dekkes av forskrift om allmenngjort tariffavtale sørge for at eigne og eventuelle underleverandørars tilsette som direkte medverkar til å oppfylle Leverandørens plikter under denne avtalen, ikkje har dårlegare løns- og arbeidsvilkår enn det som følger av forskrifta som allmenngjer tariffavtalen. På områder som ikkje blir dekt av allmenngjort tariffavtale, skal Leverandøren sørge for at dei same tilsette ikkje har dårlegare løns- og arbeidsvilkår enn det som følger av gjeldande landsomfattande tariffavtale for den aktuelle bransje. Dette med verknad for arbeid utført i Noreg.

Alle avtaler Leverandøren inngår, og som gjeld utføring av arbeid som direkte medverkar til å oppfylle Leverandørens forplikting under denne avtalen, skal innehalde tilsvarande vilkår.

Dersom Leverandøren ikkje oppfyller denne forpliktinga, skal Leverandøren betale 20% prosent av det årlege leigevederlaget, kr. 300 000 pr. påbegynt kvartal, inntil det er dokumentert at forholdet er brakt i orden.

Oppfylling av Leverandørens forpliktingar som nemnt ovanfor skal dokumenterast i bilag 6 ved anten ei eigenerklæring eller tredjepartserklæring om at det er samsvar mellom aktuell tariffavtale og faktiske løns- og arbeidsvilkår for oppfylling av Leverandørens og eventuelle underleverandørars forpliktingar.

Leverandøren skal på førespurnad frå Oppdragsgivar legge fram dokumentasjon om dei løns- og arbeidsvilkår som blir nytta. Oppdragsgivar og Leverandøren kan kvar for seg krevje at opplysningane skal leggest fram for ein uavhengig tredjepart som Oppdragsgivaren har gitt i oppdrag å undersøke om krava i denne bestemminga er oppfylt. Leverandøren kan krevje at tredjeparten skal ha underteikna ei erklæring om at opplysningane ikkje vil bli nytta for andre føremål enn å sikre oppfylling av Leverandørens forpliktingar etter denne bestemminga. Dokumentasjonsplikta gjeld og for underleverandørar.

9. Konfidensialitet

Skolen skal syte for at elevar som er på utplassering eller i praksis hos Akvakulturverksemda underteiknar ei fråsegn om teieplikt, og at elevane vert orientert om kva dette inneber.

10. Avtalebrot

10.1 Avtalebrot frå Akvakulturverksemda si side

Ved brot på kontrakten frå Akvakulturverksemda si side kan MRFK krevje retting og skadebot.

Dersom avtalebrotet er vesentleg kan MRFK krevje heving, i tillegg til skadebot.

10.2 Avtalebrot frå MRFK si side

Ved brot på kontrakten frå MRFK si side kan Akvakulturverksemda krevje retting og skadebot.

Dersom avtalebrotet er vesentleg kan Akvakulturverksemda krevje heving, i tillegg til skadebot.

Sjølv om Akvakulturverksemda meiner at det ligg føre avtalebrot er det ikkje høve til å halde attende nokon del av leigesummen, utan at dette er fastsett ved rettsleg avgjerd, i avtale eller det er gjeve skriftleg samtykke frå MRFK.

10.3 Varsel når ein part meiner at det ligg føre avtalebrot

Om ein part meiner at det ligg føre noko som inneber avtalebrot, må den andre parten varslast skriftleg innan rimeleg tid etter parten vart kjend med forholdet eller burde ha blitt kjend med dette.

10.4

Frist for å rette avvik som følge av avtalebrot er 14 dagar.

10.5 Verknader ved heving

Ved heving fell partane sine rettar og plikter etter kontrakten bort, så langt gjeld attverande del av avtaleperioden. Mellom anna fell Akvakulturverksemda sin rett og plikt til å drive undervisningsløyvet bort. Samstundes får Akvakulturverksemda plikt til å medverka til avvikling av drifta eller overføring til ein anna aktør, alt etter dei tilvisingar MRFK gjev og elles i samsvar med dei krav som går fram av løyvet, lov og forskrift.

10.6 Kontrollansvar

Det ligg ikkje føre avtalebrot, så langt gjennomføring av pliktene har vorte utsett eller forhindra på grunn av ei hindring utanfor partens kontroll, og det ikkje er rimeleg å vente at parten kunne ha rekna med hindringa på avtaletida, eller at parten kunne ha overvunne eller unngått følgjene av hindringa.

11. Tvistar

Ein kvar tvist om forståinga av denne kontrakten eller tilhøve som spring ut av kontrakten, skal søkast løyst i minnelegheit.

Lukkast ein ikkje med dette, kan partane einast om å gjennomføra utanomrettsleg mekling etter tvistelova kap.7. Om det ikkje vert gjennomført mekling, eller saka ikkje vert løyst i utanomrettsleg mekling, kan kvar av partane reise sak for domstolane. Verneting er Møre og Romsdal tingrett.

* * * * *

Kontrakt utarbeidd i 2 eksemplar, eitt til kvar part.

Molde, (dato) (måned) (år)

.....
for Møre og Romsdal fylkeskommune

.....
for Akvakulturverksemda